

Pir II (tur-retur)

Han starta ut om morgonen, han måtte berre gå
langs vegen over høgda der han visste byen låg
Forbi det slanke tårnet som spreidde ut musikken
som klang i mellom veggane i blokkhusakustikken
Forbi eit langstrakt bygg der krappe bølgetoppar slo
Forbi ei attgrodd eng av visna blomster, gulna ho
Og dyr gjekk eingong her og beita ved ein bakkekam
No var det berre lydar vind og regnvêr leitte fram

Han hørde barn som ropte frå ein hundremeterskog
Han leitte rundt med blikket, men han såg berre ein plog
av gjæser, samla orden som på ein gammal standplass
Han såg det kvite tårnet blinke som eit splintra brennglas.
Mot venstre under stjernemuren , elva krum og mørk
Før vegen stupte ned mot brua, ein allé av bjørk
Og trehus i geledd langs ein snorrett sykkelsti
Han gjekk der helst åleine, hasta berre fort forbi.

Før brua slo han farta ned og gjekk med seine steg
Forbi eit land av små butikkar, alt forunderleg
som var å få og slikt som ingen stader var å finne
og slikt som aldri funnest eller berre fanst som minne
Han kryssa brua sakte, og gjekk under ein portal
der ingen kunne velje og der ingen hadde val
men måtte ta den vegen som var spent ut på ei bru
og kanskje må ein botne heilt før ting tek til å snu.

Så kryssa han eit fortau der han ofte, for seg sjølv,
sat i sommarkvelden med ei bok og eit glas øl
Og nede ved Vår Frue sat ei framand, mørkkledd kvinne,
eit pappkrus, eit par myntar, ho tok det som var å finne
Og gata som går nordover har retning mot ein fjord
Han følgde den for der kan alle vandre utan ord
Og ingen spurde, for kafeen der han vanka før
ligg mørk og stengd slik gamle, utslitne kafear bør.

Og gata tok han vidare, mot fjorden, mot ei hamn
som ville ta imot han, viss han ville, som ein famn
Han gjekk så langt han kunne til han sat heilt ytst på piren
Sjølv der var spor av grønt, sjølv i betongen levde spiren
Det meste verka lite, sjølv alt som før var stort
og måsar i horisonten likna englar som flaug bort
Skyene seig mot havet, tetna til ein vegg av dis
Då siste måsen tagna, gjekk han heim att, like vis